

Tilleggsinnkalling
av
Kommunestyret

Møtedato: 22.10.2020
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 12:00 - 16:00

Mat frå 11:45
Orientering om Berivest 12:00
Orientering om budsjett 2021

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Saksliste:

- 075/2020 Avvikling av ordninga med arbeidskøyning for varig tilrettelagt arbeidsplassar frå 1.1.2021 - Uttale frå Masfjorden kommune til Vestland fylkeskommune
- 076/2020 Framtidig organisering av Nordhordland digitalt

20. oktober 2020

Karstein Totland
møteleiar

Anne Kristin Rafoss
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Oddvin Arne Neset	FA-N02	20/623

Saknr	Utval	Type	Dato
075/2020	Kommunestyret	PS	22.10.2020

Avvikling av ordninga med arbeidskøyning for varig tilrettelagt arbeidsplassar frå 1.1.2021 - Uttale frå Masfjorden kommune til Vestland fylkeskommune

Vedlegg:

Journalposttittel

Invitasjon til dialogmøte om arbeidskøyning

Dato

02.07.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune reagerer på at Vestland fylkeskommune legg ned tilbodet om arbeidskøyning for brukarar med VTA plassar frå 1.1.2021. Avvikling av ordninga kan resultere i at ei sårbar gruppe ikkje kjem seg til og frå det tilrettelagte arbeidstilbodet. Kommunen finn det underleg at ordninga opphøyrer medan regjeringa utgreier og vurderer dei ulike transportordningane, jfr. Prop. 1 S (2018-2019) Arbeids- og sosialdepartementet, vedtak nr. 428, 30. januar 2018.

Masfjorden kommune vil oppmode Vestland fylkeskommune om å vidareføre ordninga fram til regjeringa har vurdert og konkludert i spørsmålet om endring og samordning av transportordningane.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Brukarar som har særlege utfordringar med å kome seg til og frå tilrettelagt arbeidstilbod har fram til i dag fått arbeidsreiser finansiert av fylkeskommunen. Vestland fylkeskommune har varsla i brev datert 1.7.2020 at denne ordninga vert avvikla frå og med 1.1.2021. Grunngevinga er at ordninga ikkje er lovpålagt, og at tidlegare Sogn- og fjordane fylkeskommune ikkje har eit slikt tilbod. Pr. i dg er det berre Oslo og tidlegare Hordaland som har denne ordninga.

Fakta

Masfjorden kommune har i dag fleire innbyggjar som får køyning til sitt arbeid på Einekavane dekkja av fylkeskommunen. Dette vert løyst ved at fylkeskommunen har avtale med lokal taxi om køyning.

Arbeidskøyering organisert og betalt av fylkeskommunen har eksistert sidan 1990-talet.

Vurdering

Regjeringa starta i 2019 eit utgreiingsarbeid av alle transportordningar for personar med funksjonsnedsettelse. Bakgrunnen for dette er at det er mange ulike løysingar på transportordning for funksjonshemma, noko som medfører ulik praksis mellom fylker og landsdelar. SINTEF har på oppdrag frå regjeringa utarbeidd ein rapport der dei peikar på store skilnader i måten transport til arbeid og fritidsaktivitetar vert organisert på, og kven som finansierer ordninga (fylke, NAV, kommune). Rapporten var ferdig i desember 2019, og den tilrår nasjonal samordning av transportordningane. Den 27.1.2020 uttaler arbeids- og sosialministeren at «på bakgrunn av denne utredningen vil regjeringen vurdere å gjøre endringer i eksisterende transportordninger, eventuelt se på muligheten for bedre samordning». Regjeringa har så langt ikkje konkludert i saka.

Når Vestland fylkeskommune no har vedteke å avvikle ordninga som har fungert i så mange år, er det underleg at dette skjer samstundes med at regjeringa har transporttilbodet til funksjonshemma til vurdering. Det vil vere rimeleg å forventa at fylkeskommunen utset å gjere endringar i ordninga til det føreligg ein konklusjon frå regjeringa.

Vestland fylkeskommune har invitert kommunane til dialog for å sikre at alle brukarar har eit tilbod når året er omme. Masfjorden kommune har kartlagt våre brukarar, og konkludert med at desse vil vere heilt avhengige av tilrettelagt transport for å kome seg til og frå arbeidstilbodet på Einekavane. Den 16.9.2020 vart det gjennomført eit dialogmøte mellom Masfjorden kommune og Vestland fylkeskommune, Forvaltningsseksjonen - avdeling for mobilitet og kollektiv. Frå Masfjorden kommune deltok helse- og omsorgsleiar, leiar for heimetenestene og koordinator i Svingen. I møtet kom det fram at Vestland fylkeskommune ikkje har noko å tilby når det gjeld arbeidsreiser til VTA etter 1.1.2021, og at det er opp til kommunen eller brukaren sjølv å finne ei løysing på dette.

For Masfjorden kommune vil avviklinga bety at kommunen sit med ansvaret for å finne løysingar for arbeidskøyeringa dersom brukarane skal kunna møta på arbeid. Dette vil utgjere ein kostnad som ikkje vert kompensert verken frå fylket eller staten.

Konklusjon

Masfjorden kommune reagerer på at Vestland fylkeskommune legg ned tilbodet om arbeidskøyering for brukarar med VTA plassar frå 1.1.2021, og oppmodar fylkeskommunen om å revurdere beslutninga.

Vår referanse 2020/41312-2
Dato 01.07.2020

MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Invitasjon til dialogmøte om arbeidskøyning

Sidan 1990-talet har Hordaland fylkeskommune hatt ei ordning der ein har dekkja kostnadane for særskilt tilrettelagt skyss (arbeidskøyning) for godkjente TT-brukarar som er tilsett i VTA stilling (varig tilrettelagt arbeid). Arbeidskøyning er ikkje ei lovpålagt ordning, og bortsett frå Oslo er Hordaland det einaste fylke som har hatt denne ordninga. Hordaland og Sogn og fjordane er no slegen saman til Vestland fylke. Sogn og fjordane har ikkje hatt eit tilbod om arbeidskøyning i regi av fylkeskommunen.

I fylkesutvalet sitt møte den 18.6.2020 vart det fatta følgjande vedtak.

- 1. Tilbodet til brukarar som i dag er omfatta av gjeldande ordning i Hordaland som gjev godkjente TT-brukarar særskild tilrettelagt skyss til varig tilrettelagt arbeidsplass (VTA), vert vidareført som ei overgangsordning ut året. Det vil gje kommunane tid til å finne ei løysing mellom kommunane, arbeidsgivarane og evt. andre for kvar einskild brukar.*
- 2. Fylkesrådmannen bes starte ein dialog med aktuelle kommunar og brukarar slik at alle brukarane vert sikra eit tilbod innan året er omme. Status for dette arbeidet vert framlagt i oktober 2020.*
- 3. Brukarar som har særlege utfordringar, som rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte, har fått ein utvida brukarkvote gjennom den statlege tilskotsordninga som m.a. kan nyttast til arbeidskøyning. Desse må få råd og rettleiing slik at den statlege tilskotsordninga vert nytta fullt ut. Lar det seg ikkje løyse innanfor den statlege tilskotsordninga, skal brukarane sikrast tilbod gjennom overgangsordninga.*
- 4. Fylkesutvalet kjem tilbake til finansiering i tertialrapporten i fylkestinget i oktober.*
- 5. Fylkesutvalet legg til grunn at dette vert kommunisert ut til brukarane så fort som mogleg.*

Vestland fylkeskommune ønskjer difor å gå i dialog med den einskilde kommune for å sikre at brukarar av arbeidskøyning også vil få eit tilbod i framtida. Ta kontakt med Runa.Stokke.Brogstad@vlfk.no for å avtale møtetidspunkt.

Det er i dag 187 brukarar i Vestland. Desse er fordelt slik på kommunane:

Kommune	VTA Bedrift	Tal personar
Bergen kommune Askøy Øygarden	Spekter, Grønnevik, Midtun Vekst, Trigger, Nordnes Verksteder, Signo Dokken, Coop Mega, Europris Vestkanten, Straume Arb.senter, Sund Arb.senter, Bjørkhaug Arb.senter, ALF, Posten,	110 14 6
Alver	Knarvik Industri og Miljø AS GLØDE AS Maks Sagstad skule Aufera	7
Bømlo	Bømlo Industrier AS Kiwi Rubbestadneste	3 (1 aktiv - 2 pause)
Ullensvang	Hardanger AKS Odda produkt	2
Kvam	Hardanger AKS Kvam Rådhus	17
Kvinnherad		3
Masfjorden	Einakavane	3
Stord	Sæbo gård og Podlen	4
Voss	Kveik	5
Bjørnafjorden	OS Asvo, Asvo Fusa	13
Fedje	Aufera	1

Med helsing

Janne Dokken
seksjonssjef

Nils Tore Eldegard
Spesialrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Mottakarliste			
ALVER KOMMUNE	Postboks 4	5906	FREKHAUG
BERGEN KOMMUNE	Postboks 7700	5020	BERGEN
ASKØY KOMMUNE	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
ØYGARDEN KOMMUNE	Postboks 184	5342	STRAUME
BØMLO KOMMUNE	Rådhuset Leirdalen 1	5430	BREMNES
BJØRNAFJORDEN KOMMUNE	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSE N
KVAM KOMMUNE	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
KVINNHHERAD KOMMUNE	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
MASFJORDEN KOMMUNE	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
ULLENSVANG KOMMUNE	Opheimsgata 31	5750	ODDA
STORD KOMMUNE	Postboks 304	5402	STORD

VOSS HERAD
FEDJE KOMMUNE

Postboks 145
Stormarkvegen 49

5701 VOSS
5947 FEDJE

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen		20/932

Saknr	Utval	Type	Dato
076/2020	Kommunestyret	PS	22.10.2020

Framtidig organisering av Nordhordland digitalt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Det interkommunale samarbeidet Nordhordland digitalt etter tidlegare kommunelov § 27 vert oppløyst.
- Nordhordland digitalt som administrativt samarbeid innan byggjesak, kart og oppmåling samt Nordhordland digitalt som eige rettssubjekt innan kart og geodata vert organisert inn under Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI).

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Nordhordland digitalt starta opp i 1999 med forvaltning av geodata og vart eigd og drifta av Regionrådet i Nordhordland IKS (no Nordhordland Utviklingsselskap IKS). Samarbeidet utvikla seg gradvis til å omfatte felles geografiske informasjonssystem (GIS), felles prosedyrar for handtering av oppmålingssaker/matrikkelen, adressering samt felles prosedyrar for handtering av plan- og byggjesaker.

I 2012 vart det inngått avtale om interkommunalt samarbeid etter tidlegare kommunelov § 27 (eige styre til løysing av felles oppgåver). Deltakarkommunane var Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal. I oppheva kommunelov §27 nr. 1, 1. ledd går det fram kva administrativ form for interkommunalt samarbeid dette er:

To eller flere kommuner, to eller flere fylkeskommuner, eller en eller flere kommuner og en eller flere fylkeskommuner, kan opprette et eget styre til løsning av felles oppgaver. Kommunestyret og fylkestinget gjør selv vedtak om opprettelse av slikt styre. Til slikt styre kan kommunestyret eller fylkestinget selv gi myndighet til å treffe avgjørelser som angår virksomhetens drift og organisering.

I samarbeidsavtalen frå 2012 er det fastsett at samarbeidet har eit fagstyre med ansvar for organisering og drift av samarbeidet. Fagstyret har vore administrativt samansett med representantar frå alle kommunane.

Radøy kommune har vore kontorkommune med fakturering og rekneskap samt hatt arbeidsgjevaransvar for sekretær.

Føremålet med samarbeidet er i samarbeidsavtalen oppgitt til å vere:

Nordhordland Digitalt skal vera eit organ der kommunane i regionen samarbeider om utvikling av e-kommunen, felles geografiske informasjonssystem (GIS), felles prosedyrar for handtering av plan- og byggesaker og felles prosedyrar for handtering av oppmålingssaker/matrikkelen og adressering.

Regionen skal ha ei effektiv, økonomisk og oppgåvetilpassa organisering av den del av verksemda som er knytt til arealplan, byggesak og geomatikk. Samarbeidet skal ha fokus på felles nytte for regionen, einsarta forvaltning og lik haldning til brukarane.

Kart- og geodatatenestene i Nordhordlandsregionen skal vere framtidsretta og gje grunnlag for utvikling av ein dynamisk vekstregion og effektiv offentleg sektor. Plan- og byggesaksbehandlinga skal ha høg fagleg kvalitet og vere profesjonell i høve til nærings- og bustadutbygging.

Samarbeidet har vore aktivt og mykje har vore løyst i fellesskap som den einkilde kommune elles ville måtte ordne på eige hand. Blant anna administrerer samarbeidet Nordhordlandskart som er eit svært nyttig verktøy for kommunane. Av ulike prosjekter som samarbeidet har hatt ansvar for, kan det trekkast fram adresseprosjektet i regionen. Samarbeidet på byggesak og plan har vore tett og har økt kvaliteten på området med blant anna standardisering som eit viktig produkt.

Nordhordland digitalt eig matrikkelklientar for alle kommunane i samarbeidet og for andre samarbeid i Nordhordland, som t.d. Nordhordland brann og redning. Matrikkelklientane er av typen eiger/festers namn, bustadadresse og fødselsdato. Kommunane har matrikkeltilgang for sin eigen kommune. Matrikkeltilgangane er styrande for og mogeleggjjer geodatasamarbeidet.

Nordhordland digitalt har rettane/ansvaret for Kartkatalogen (Kartverket sin nasjonale katalog) og for metadata gjeldande www.nordhordlandskart.no. Samarbeidet eig lisens på webkartsystemet Adaptive som er motoren for all webkartbruk for samarbeidet.

For å kunne vere eigar for det ovanfor nemnde, er Nordhordland digitalt registrert som eige rettssubjekt i Brønnøysund.

Nordhordland digitalt forsyner samarbeidet med naudsynt geografisk informasjon på tvers av kommunegrensene, døme på dette er NGIR og BIR.

Samarbeidet kan løysast opp når deltakarkommunane er samde om det, jf. avtalen punkt 13, 2. ledd.

Økonomi:

Nordhordland digitalt hadde i 2019 et budsjett med driftsutgifter på til saman kr 989 800. Løn og sosiale utgifter kr 395 000 samt frikjøp av ressursar frå andre kommunar kr 285 000 utgjer største delen av budsjettet. I tillegg kjem lisensar, andre driftsutgifter og ein administrativ kostnad. Driftsutgiftene blir fordelt mellom deltakarkommunane etter ein nøkkel med 1/3 fast og 2/3 etter folketal.

Vurdering

Der er stor tilslutnad i regionen til samarbeidet, men organiseringa av området har over tid vore

diskutert. Allereie i 2013 var rådmannsutvalet innstilt på å flytta oppgåva til NUI, men dette stoppa då opp fordi ein måtte klargjera kva det betydde at det var inngått avtale om interkommunalt samarbeid etter tidlegare kommunelov § 27. Så vart dette liggande nokre år før rådmannsutvalet sette på dagsorden igjen grunna endring av kommunelova.

Interkommunalt samarbeid med et styre som har ansvar for organisering og drift er ikkje ein alternativt organiseringsmåte av interkommunalt samarbeid etter gjeldande kommunelov. Rådmannsutvalet i Nordhordland har vurdert at samarbeidsforma bør endrast. Rådmennene ser trong for ein sterkare tilknytning med ein klar overordna rolle.

Samanslåing av Lindås, Meland og Radøy til Alver kommune gjer det uansett naudsynt å endre samarbeidsavtalen.

Annan organisering av samarbeidet krev at gjeldande samarbeid etter tidlegare kommunelov § 27 formelt oppløysast.

Forslag til ny organisering av samarbeidet er todelt med eit administrativt samarbeid innan byggjesak, kart og oppmåling samt Nordhordland digitalt som eige rettssubjekt innan kart og geodata organisert inn under NUI. Her er satsing på digitalisering og innovasjon allereie organisert og ein legg då til rette for tett samarbeid med all utviklingsarbeidet som skje gjennom NUI. Fagrådet (tidlegare fagstyret) har handsama framtidig organisering, og ynskjer at samarbeidet vert organisert inn under NUI.

Det er trong for at Nordhordland digitalt formelt held fram som registrert eige rettssubjekt, dette først og fremst for å kunne handtere eigarrettane som er omtalt ovanfor. Dette vil kunne organiserast inn under NUI, noko vedtektene for NUI legg til rette for. Administrative ressursar til å handtere Nordhordland digitalt vil vere innanfor det som er dagens løysing.

Når det gjeld det reint faglege samarbeidet på blant anna byggjesak og plan er det føremålstenleg at dette organiserast som administrativt samarbeid slik dei andre fagområda i regionen er organisert, til dømes helse og omsorg. NUI kan vere koordinerande instans. Samarbeidet kan forankrast i ein administrativ samarbeidsavtale vedteken på rådmannsnivå.

Rådmennene vil gjennom rådmannsutvalet vere styringsgruppe for det administrative samarbeidet. Det er lagt opp til at samarbeidsgruppa utarbeidar forslag til årlege handlingsplanar og budsjett som styring av aktiviteten i samarbeidet. Budsjett, handlingsplanar og prosjekter vedtakast av styringsgruppa. Nettverksgrupper og prosjektgruppe vil bli etablert ved trong i det einkilde tilfellet. Rådmennene vil arbeide vidare med organisering av det faglege samarbeidet ved politisk vedtak om oppløysing av eksisterande samarbeid.

Konklusjon

Det interkommunale samarbeidet Nordhordland digitalt etter tidlegare kommunelov § 27 vert oppløyst. Nordhordland digitalt som administrativt samarbeid innan byggjesak, kart og oppmåling samt Nordhordland digitalt som eige rettssubjekt innan kart og geodata vert organisert inn under Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI).